

KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/8/20

av 22. mars 2010

om endring av vedtak 2002/840/EF om lista over anlegg i tredjestatar som er godkjende for stråling av næringsmiddel

[meld under nummeret K(2010) 1707]

(2010/172/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR,

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/2/EF av 22. februar 1999 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om næringsmidler og næringsmiddelingsredienser behandlet med ioniserende stråling⁽¹⁾, særleg artikkel 9 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Etter direktiv 1999/2/EF kan eit næringsmiddel som er handsama med ioniserande stråling, importerast frå ein tredjestat berre dersom det er handsama i eit strålingsanlegg som er godkjent av Fellesskapet.
- 2) Ved kommisjonsvedtak 2002/840/EF⁽²⁾ vart det fastsett ei liste over godkjende anlegg.
- 3) Gjennom dei rette styresmaktene i India har Kommisjonen motteke ein søknad om godkjenning av tre strålingsanlegg i denne staten. Sakkunnige frå Kommisjonen har inspisert strålingsanlegga for å kontrollere om dei oppfyller krava i direktiv 1999/2/EF, og særleg om offentleg tilsyn sikrar at dei oppfyller krava i artikkel 7 i det nemnde direktivet.

4) Anlegga i India oppfyller dei fleste av krava i direktiv 1999/2/EF. Dei manglane som Kommisjonen har påvist, er vortne utbetra på ein tilstrekkeleg måte av dei rette indiske styresmaktene.

5) Vedtak 2002/840/EF bør difor endrast.

6) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2002/840/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 22. mars 2010.

For Kommisjonen

John DALLI

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 75 av 23.3.2010, s. 33, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 115/2011 av 21. oktober 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold) og vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 70 av 22.12.2011, s. 12.

⁽¹⁾ TEF L 66 av 13.3.1999, s. 16.

⁽²⁾ TEF L 287 av 25.10.2002, s. 40.

VEDLEGG

Dei følgjande anlegga vert lagde til i lista i vedlegget til vedtak 2002/840/EF:

Referansenr.: EU-AIF 09-2010

Board of Radiation and Isotope Technology
Department of Atomic Energy
BRIT/BARC Vashi Complex
Sector 20, Vashi
Navi Mumbai — 400 705 (Maharashtra)
India
Telefonnr.: +91 2227840000 / +91 2227887000
Telefaksnr.: +91 2227840005
E-post: chief@britatom.gov.in cebrit@vsnl.net

Referansenr.: EU-AIF 10-2010

Board of Radiation and Isotope Technology
ISOMED
Bhabha Atomic Research Centre
South Site Gate, Refinery Road
Next to TATA Power Station, Trombay
Mumbai — 400 085 (Maharashtra)
India
Telefonnr.: +91 2225595684 / +91 2225594751
Telefaksnr.: +91 2225505338
E-post: chief@britatom.gov.in cebrit@vsnl.net

Referansenr.: EU-AIF 11-2010

Microtrol Sterilisation Services Pvt. Ltd
Plot No 14 Bommasandra- Jigani Link Road Industrial Area
KIADB, Off Hosur Road
Hennagarra Post
Bengalooru — 562 106 (Karnataka)
India
Telefonnr.: +91 8110653932 / +91 8110414030
Telefaksnr.: +91 8110414031
E-post: vikram@microtrol-india.com
